


FANGST OG SKJELPRØVAR I SULDALSLÅGEN

Fangststatistikk

Gjennomsnittleg årsfangst av laks i perioden 1969-2014 var 506 (snittvekt 5,1 kg). I 2014 vart det fanga 1153 laks (snittvekt 5,4 kg), det nest beste resultatet som er registrert (**figur 1**, stolpar). Sidan 2009 har ein del av laksane vorte sett ut att i elva, i 2014 utgjorde det 25 % av registrert fangst.

Gjennomsnittleg årsfangst av sjøaure i perioden 1969-2009 var 377 (snittvekt 1,2 kg). Sjøaurefangstane har minka jamt sidan midt på 1980-talet, og frå 2010 har sjøauren vore freda. Etter det har all sjøaure som ikkje var for skadd, vorte sett ut att i elva.

Nedgangen i sjøaurefangstane frå tidleg på 2000-talet har vore stort sett den same som i resten av fylket. Det er ingen klar samanheng mellom laksefangstane i Suldalslågen og resten av fylket. (**figur 1**, linjer).



FIGUR 1. Fangst av laks og sjøaure i Suldalslågen i perioden 1969-2014 (stolpar). Før 1993 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, grøn) og laks (>3 kg, blå), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, grøn), mellomlaks (3-7 kg, raud) og storlaks (>7 kg, grå). Fangsttal frå før 1979 er frå Suldal elveeigarlag, frå 1979 er det offisiell fangststatistikk. Linjer viser samla fangst av laks og sjøaure i resten av Rogaland. Sjøauren har vore freda sidan 2010. **NB!** Fangst inkluderer gjenutsett fisk.


Skjelmateriale

I perioden 2000-2014 har det vorte analysert skjelprøvar av til saman 5343 laks og 44 sjøaurar frå fisket i Suldalslågen. Dei fleste år er det analysert prøvar av meir enn 50 % av registrert fangst, dei fire siste åra har andelen vore 70-80 % av dei laksane som vart avliva.

Andelen rømt oppdrettslaks var heile 51 % i 2008, men har sidan gått ned år for år, og i 2012 var det rekordlåge 8,1 % (**figur 2**, linje). I 2014 auka andelen rømt laks til 12,3 %, men dette er også klart lågare enn i perioden før 2011.

Innslaget av rømt laks avtek klart oppover elva. I 2014 var det 24 % rømt laks i skjelmaterialet nedom Sandsfossen, medan tilsvarende tal mellom Sandsfossen og Juvet og ovanfor Juvet var høvesvis 2,8 og 2,9 %.

Av dei 539 sikre villaksane i skjelmaterialet var 207 naturleg rekruttert, 295 var utsett frå klekkeri, og 42 var av usikkert opphav. Gjennomsnittleg smoltlengd var 14 cm for dei naturleg rekrutterte laksane, 17 cm for dei utsette.



FIGUR 2. Antal analyserte skjelprøvar frå Suldalslågen og andel rømt oppdrettslaks (%).

For meir informasjon sjå www.radgivende-biologer.no



Rådgivende Biologer AS

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf. 55 31 02 78 – Fax. 55 31 62 78

E-post: post@radgivende-biologer.no

www.radgivende-biologer.no